

ÅRSMELDING 2008
for
HERAND BYGDELAG

Bygda Herand fekk kulturlandskapsprisen i Hordaland i 2008 for framifrå arbeid for å ta vare på verdiane i landbruket sitt kulturlandskap. Herand Bygdelag tok imot prisen på vegne av bygda. Bygda er kjent for sine eldsjeler på mange felt. Dette var ein viktig medvirkning då Herand Bygdelag vart tildelt nasjonal kulturlandskapspris. Norsk kulturarv peikar på i sin grunngjeving at kulturlandskap, bygningar og kulturminne vert tekne vare på og utvikla med lokal eigenart, miljø kultur. Diplomet fekk me i Oslo av landbruksministeren.

Bygdelaget kjøpte Herand Skule 010108 og betalte kr. 314298. Me betaler for alle utgifter og sett stor pris på at lag og organisasjonar tek huset i bruk. For 2009 har styret søkt om lagstilskot og tilskot til lagshus. Arbeidet med besøkssenter er starta opp frå midten av februar. Det skal skiftas kledning og vindaugo mot bygd og hovedveg. Arbeidet med et besøkssenter/utstilling er også godt i gang. Det er Bygger'n Jondal som har byggjearbeidet.

Bygdelaget har sett seg som mål å få til et senter som er ein kulturlandskapsprisvinnar verdig. Der er nedsett ein byggjekomite der Sigmund Eiken er koordinnator og Einar Samland, Gunnar Bergstø og Jon Steinar Skeie er medlemmer. På spørsmål til bygdafolket har me fått 45 som har meldt seg til dugnadsarbeid. Dette er over all forventning. Me ynskte ein effektiv dugnad. Og formiddagsskift med Einar, kveldskift med Sigmund og seint kveldskift med Jon Steiner (kjøyring og brenning) nokre dager fekk stor fart på arbeidet.

Den årlege bygdedugnaden samla 83 deltakarar og Kvinne-og familielaget serverte oss risengrynsgraut med noko attåt i år også. Tusen takk til alle som er med i dette viktige arbeidet for bygda.

Når det gjeld bygningar og kulturminner så blir dette skjøtta bra. Saman med Bedehuset og Grannahuset så kjøpte me stillas. Me vil i framtida samarbeida om dugnader. Det er viktig at bygningane våre er godt vedlikeholdt. Stillaset betalte seg raskt berre på Grannahuset. Ein dag var det full rulle på stillaset og gjennomsnittsalderen var på 74 år.

Meieriet vart bortleigd til Kram&sjø frå 010408. Bygdelaget har ansvaret for utvendig vedlikehald og det var mykje opprydding og målingsarbeid.

Lønningsdalskaia vart ferdig i juli 2008. Det var Nils Svåsand med arbeidslag som la dekket på. Det var og stordugnad på stillaset mot sjøsida på sjøhuset. Sjøsida er no måla og me er i gang med å få landhandelen ferdig til juli-09.

Den store kulturlandskapsprisfesten var ein stor og flott bygdefest for både store og små. Kjellaug Samland leia festen og hadde ansvaret for å presentera breidda i kulturlivet i bygda. Marta Samland organiserte mat og servering.

Kvinne-og familielaget laga ei fin ramme rundt festen med fotomontasje frå kulturlandskapet, og reiskapar brukt i denne samanheng.

Bygdelaget har ei allsidig drift med mange tiltak.

Onsdagsklubben er i gang i Meieriet med fotballkampar vist på storskjerm. Handelsmannen Sølve Hanssen er primus motor.

Me har gitt kr. 10000 til Musikklaget i samband med 50 års jubileet, og kr. 5000 til Stiftinga Herand Aktiesagbruk. Dei skal laga ein film om saga. Me har fått kr. 10000 frå ein privatperson til ei sitjegruppe plassert i Bjønndalane. Arbeidet er i gang.

Tøming av boss og containarkapasitet til hytterrenovasjon måtte me også gjera noko med. Me fekk to gratis containarar i sommarmånadane.

Då me rydda på skulen fekk me skolefaglige personar til å setja bort ting som kunne brukast til ei skuleutstilling. Lokale til dette er sett av.

Trivsel-og kulturgruppa arrangerte julemesse med 22 utstillarar, grautsal og mykje liv og røra. Dorthea og Trond Vikane sto for loppemarked med hundrevis av gamle skulebøker. Salget gikk strålende og dei fleste syntes det var kjekt å sjå att dei gamle skulebøkene. Etter messa var det fakkeltog med tenning av juletre i båthavna.

Bygdelaget har teke opp spørsmålet om Leskur/mjølkerampe på Bakkehaugane. Det har vore synfaring av Statens Vegvesen. Det vert arbeidd vidare med saka.

Helleristningsfeltet er rydda. Det var eit ynskje om å seita opp eit steinbord med sitjeplassar. Gerhard Bakke og Lars Sæverhagen har hatt ei synfaring med arkolog Kjersti Wevatne frå Fylkeskommunen.

Ein fekk lov å setja opp steinbordet på den plassen som var tenkt.

Drifta av Barnehagen har gitt eit overskudd for 2008. Det har vore ca. 10 born på det jevne med 4 tilsette.

Styret har fått mange positive tilbakemeldingar om Bygdebladet og heimesida vår (herand.no). Styret vil takka medarbeidarane for den flotte innsatsen dei gjer. Dei utfører eit viktig informasjonsmarkedsføringsarbeid for bygda.

Herand Landskapspark er viktig for utviklinga i Herand. Medlemmene i styret har stått på stend for Landskapsarker på reiselivsmessa i Bergen. Dette skjer i regi av fylket si landbruksavdeling . Landskapsarken er den viktigaste faktor for utvikling av kulturlandskapet. Brosjyrer er utdelt til alle husstandar i Herand

Bygda, lag og organisasjonar og Bygdelaget arbeidar for ei trygg og levande bygd og styret vil takka alle i bygda som bidreg til dette.

Eit spørsmål er korleis ser andre på det arbeidet me utfører. I Bergens Tidende frå tirsdag 10. juni står det å lesa: „ *Herand - en pris verd. Hvilken bygd er vakrest i Norge? Herand i Jondal Kommune. I dag mottar ildsjeler i bygdelaget Den Nasjonale Kulturlandskapsprisen 2008. I konkurranse med de vakreste bygdene i Norge stakk tettstedet med 200 innbyggere av med den prestisjetunge prisen. Herand i Hordaland vant etter en totalvurdering av hvordan folk tar vare på naturen, miljøet og bygden*”.

Styret vil visa til at dette nok forpliktar, men det er ei oppgåva som bygda står saman om.

Arjen Stolk, Gerd Ingeborg Haugen, Gunnar Bergstø, Sølve Hanssen,

Bjørg Samland Kenneth Vikane, Jonny Eiken, Dan Danielsen.